



forum for
natur og friluftsliv
Møre og Romsdal

Rauma kommune
6300 ÅNDALSNES

Dato: 28.04.2014

FNF Møre og Romsdal er et samarbeidsforum for natur- og friluftslivsinteresserte organisasjonar i Møre og Romsdal. FNF skal engasjere seg i saker som påvirker natur og friluftslivet i fylket. I dag er Norges Jeger- og Fiskerforbund Møre og Romsdal, Naturvernforbundet i Møre og Romsdal, Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal, Friluftsrådet Ålesund og Omland, turistforeningane i Møre og Romsdal, speidarorganisasjonane i fylket og Møre og Romsdal 4.. Totalt representerer disse organisasjonene mange medlemmer med en stor interesse for å ta vare på naturen for dagens - og komande generasjonar.

Uttale – høyring kommunedelplan Isfjorden 2011-2021

Me viser til kommunedelplan Isfjorden 2011-2021 som no er til høyring. Vidare viser me til vår uttale av 19.04.2012 til oppstartsmeldinga av den same plana.

I vår uttale av 19.04.2014 spela me inn følgjande 5 tema; markagrense/markaplan, ferdsselsårer, sjøtilknytning, folkehelseløype og sikring av friluftsområde. Slik me les plana no slik den er ute til høyring har kommunen vurdert desse tema unntekte markagrense/markaplan som me ikkje finn i plana i det heile. Difor vil me no fokusere spesielt på dette temaet MARKA og MARKAGRENSE i vår uttale. Men først ønskjer me å meine noko om behovsvurderinga.

Behovsvurdering ?

Vesentleg i all samfunnsplanlegging er behovsvurdering av foreslåtte tiltak som skapar diverre ofte negative konsekvensar for naturen vi menneskje lever i. Difor vil me innleiingsvis etterlyse ein analyse av kva kommunen meiner knytt til areal til bustader med at det skal; «Skapes nye boligtomter tilpasset etterspørselen i omfang og utforming» som det står i saksframlegget. Ei framskrivning av Rauma-samfunnet frå dagens situasjon bør då vere vesentleg. Møre og Romsdal fylkeskommune har til dømes ved si analyse sagt noko om Rauma kommune sett i høve til regionen, fylket og landet knytt til tema; folketalsutvikling, flytting, kjønnsfordeling, utdanningsnivå, pendling, næringsstruktur, sysselsetting, arbeidsplassdekning, bustadbygging, hushald og kommunal planlegging (sjå <http://mrfylke.no/Tenesteomraade/Plan-og-analyse/Statistikk-og-analyser/Kommunestatistikk>).

Forum For Natur og Friluftsliv Møre og Romsdal

Idrettsvegen 2, 6413 MOLDE

Mob: 46 43 14 27 E-post: moreogromsdal@fnf-nett.no

Kontonr. 4202 32 54314 www.fnf-nett.no



forum for
natur og friluftsliv
Møre og Romsdal

Om me til dømes ser på hushald etter type er den aleinebuande (og par utan born) det dominerande hushald i kommunen. Denne type hushald treng mindre bueiningar sentrumsnært og ikkje store villaer i utmarka.

Me vil her også vise til nyare forskning som til dømes NIBR-rapport 2014:1 - Boligpreferanser i distrikta (sjå <http://distriktssenteret.no/2014/02/19/boligpreferanser-distrikta/>) som viser at sjølve boligen eller boligtypen ikkje er det mest sentrale når ein skal velje å flytte til ein ny stad eller flytte innan same kommune. Kvaliteter ved staden er minst like viktig. Når det gjeld dei ulike generasjonar viser det seg at dei eldre ønskjer å flytte til leiligheit nær sentrumsfunksjonane;

Ser vi på de som er 60 + generasjonen, finner vi et annet bilde. Flere ønsker å flytte til leilighet nærmere sentrum. Her har det skjedd en mentalitetsendring som i stor grad kan relateres til deres livsstil. Livsstilen handler om noe mer enn å "bli eldre" og å legge til rette for alderdommen. Generelt har denne gruppen gjennomgående bedre helse og er i bedre form sammenlignet med samme aldersgruppe tidligere. Dette betyr at de kan bruke penger på seg selv, på reiser og på å dyrke fritidsinteresser. For de fleste i våre casekommuner handler boligpreferansene om å kunne flytte nærmere de service- og kulturtilbudene som stedet har og bruke dem aktivt, og bli mindre bundet opp av stell og vedlikehold av hus og hage. Tiden skal frigjøres til å nyte.

Me vil også minne om brev frå sentrale planmyndigheit (brev frå Miljøverndept av 31.08.2012) til kommunane og regionale planmyndigheiter om å skaffe tilstrekkeleg med areal til boligutbygging og kva som blant anna blir sagt der om konsentrert busetnad;

Fylkesmannen bør stimulere til at kommunene tilrettelegger for utbyggingsarealer i tråd med de overordnede målene. Dette innebærer at fylkesmannen i sin vurdering av arealplaner skal legge vekt på at det blir klare grenser mellom bebygde områder og landbruks-, natur- og friluftsområder. Det skal legges vekt på økt konsentrasjon av

utbyggingen i byggesonene i by og tettstedsområder. Innenfor gangavstand fra stasjoner/knutepunkter på hovedårene for kollektivtrafikknettet, kan utbyggingshensyn tillegges større vekt enn vern, under forutsetning av at det planlegges en konsentrert utbygging og at det tas hensyn til kulturmiljøer og grønnstruktur. Utformingen av utbyggingen bør bidra til å bevare og utvikle grønnstruktur, biologisk mangfold og de estetiske kvalitetene i bebygde områder.

For Isfjorden vil dette seie at ein må samle busetnaden ut frå den eksisterande tettstaden Heen og bustadfeltet Hensbakken og klargjere grensene mellom bebygde områder og LNF-områda. I praksis vil det planlagte bustadfeltet Svarthaugen til nød kunne kallast utviding av eksisterande bustadfelt, medan dei nye planlagte bustadfelta Ytre Tokle og Ura/Åsan ligg for langt unna sentrum til å kallast berekraftig og god samfunnsplanlegging. Å ta dyrka mark og ta av naturen til feilplasserte bustader tener ikkje fellesskapet. Feilplassering av bustader vil

Forum For Natur og Friluftsliv Møre og Romsdal

Idrettsvegen 2, 6413 MOLDE

Mob: 46 43 14 27 E-post: moreogromsdal@fnf-nett.no

Kontonr. 4202 32 54314 www.fnf-nett.no



forum for
natur og friluftsliv
Møre og Romsdal

berre generere auka unødvendig transport av folk og varer, skape vanskar for primærnæringsa og ta irreversible innhogg i areal som me treng til anna (matproduksjon og rekreasjon).

Nå er det vel slik at utviklinga i Rauma går i retning nedgang i folketalet, auke av eldre i befolkninga samt kvinneunderskot. Dette tilseier at om ein treng nye boligar, vil dette vere sentrumsnære leiligheiter framfor einebustader fjernt frå tettstaden.

Marka og Markagrense

Forum for Natur og Friluftsliv Møre og Romsdal er einig med Rauma kommune sin vurdering av at det er store friluftsiinteressene som er knytt til Isfjorden både vinter og sommar. Men vi er nok ueinig om korleis ein skal handle i høve til å sikre at dette framleis vil vere situasjonen i framtida. Vi trur ikkje at ved utbygging i den urørte delen av arealet (også kalla utmarka) med hyttefelt, skianlegg, hotell og infrastruktur som følgjer med (veg, vatn, stram og kloakk) vil ein få noko betre høve for friluftsliv. Ein vil nok diverre heller få minka moglegheita for å utøve friluftsliv i urørt natur. Det er jo også eit paradoks at i Isfjorden viser det seg at folk, som ønskjer å kjøpe ein fritidsbustad knytt til dei store moglegheitene som ligg til rette utøving av ulike friluftslivsaktivitetar, like godt gjer dette midt i bygda. At Eirik Holo (sjå <http://www.solli-adventure.no>) etablerer seg i eit gammalt hus midt på Grøtta med sin turistverksemd viser vel nett dette. Om Rauma kommune ønskjer å etablere hyttefelt i Isfjorden, kanskje tida er moden til å etablere hyttefelt midt i bygda der fjella ligg som eit skue rundt ein og inviterer til det enkle friluftsliv.

Men sia me ikkje finn at kommunedelplana for Isfjorden nemner **Markagrense/markaplan** er det vel på sin plass å forklare kva dette er.

"**Marka**" brukast som fellesnemnar på dei by- og tettstadsnære friluftslivsområda. Ei markaplan vil i denne samanheng vere ei plan for det nære friluftsområde av ein gjeven storleik som ligg til byar og tettstader.

Dei fleste byer og tettstader har nære naturområde av ein gjeven storleik. Tilgang på nære naturområde er viktig for dei som bor i byar og tettstader. Marka er viktig for alle aldersgruppers moglegheiter til å drive fysisk aktivitet gjennom friluftsliv og andre fritidsaktivitetar. Marka er ein av hovudarena for det tradisjonelle turfriluftslivet. Dei er område for barns lek og opplevingar, læring og fysiske utvikling. Utvikling av gode forhold for friluftsliv er særleg viktig i folks nærområda, i kombinasjon med grønstrukturen i byggjesonen. Dette er område som er avgjerande for kvardagsfriluftsliv, og for fysisk aktivitet i det heile tatt for mange brukargrupper.

Det er eit nasjonalt politisk mål at alle skal ha høve til å drive friluftsliv som helsefremjande, trivselsskapande og miljøvenleg aktivitet i nærmiljøet og i naturen. Arbeidet overfor dei by og tettstedsnære markaområda er forankra i dei rammer som bl.a. er lagt ved behandlinga av to stortingsmeldingar. Både St.meld. nr. 39 (2000-2001) "Friluftsliv – Ein veg til høgare



forum for
natur og friluftsliv
Møre og Romsdal

livskvalitet" og St. meld nr. 23 (2001-2002) "Bedre miljø i byer og tettsteder" klargjer at markaområda er område som er viktige å ta vare på og forvalte heilheitleg og langsiktig. Frå St.meld. nr. 39 kan vi referere;

Omsynet til friluftinteressene kan oppsummerast i to hovudmål:

- *Å verne mot omdisponering til utbyggingsføremål.*
- *Å halde natur- og kulturmiljøet i alle delar av marka mest mogleg intakt, variert og opplevingsrikt.*

Ei heilskapleg og langsiktig forvaltning av markaområda er naudsynt for å nå desse måla. Kommunane bør difor setje klare mål for forvaltninga gjennom juridisk bindande planar der omsynet til friluftslivsinteressene blir lagt større vekt på. Gjennom planen bør marka avgrensast og delast inn i fleire soner som blir forvalta på ulikt vis når det gjeld tiltak som krev løyve, til dømes etter skoglova og plan- og bygningslova. Ein slik plan med ei markagrense mellom utbygging og viktige friluftsområde bør etablerast i alle kommunar med tettstadnære markaområde innan 2006. Det er viktig at planen og grensa blir vedteken med juridisk binding.

Energi- og miljøkomiteen slutta seg til at alle større kommuner med "markagrense" utarbeider ein eigen plan for forvaltning av sine "markaområder" med vekt på å sikre desse områda mot inngrep og for eit aktivt friluftsliv.

Ved Stortingets behandling av St.meld. nr. 23 (2001-2002) "Bedre miljø i byer og tettsteder" viste fleirtalet i energi- og miljøkomiteen til verdien av at alle større kommunar med grense mot skog og utmark utarbeider plan for forvaltning av disse områda innan 2006. Vi viser her til Markavegleiaren frå 2003, DN-håndbok 24 — 2003 Marka. Planlegging av by- og tettstedsnære naturområder. (<http://www.dirnat.no/content.ap?thisId=1007312>), som vart sendt ut til alle kommunane. DN-håndboka 24, Marka - Planlegging av by- og tettstedsnære naturområder, er ein vegleiar i planlegging av markaområda. Den retter seg mot kommunanes og sektoranes arealplanlegging, forvaltning av naturen generelt og kommunars og andre instansars arbeid med tilrettelegging for friluftsliv og uteaktivitetar. Både fagpersonar og politikarar i kommunane bør ha glede av handboka som grunnlag for planlegging, avvegingar og prioriteringar. Markavegleiaren kan også vere nyttig ved planlegging av nære naturområde til større område med hytte- og fritidsbusetnad og reiselivsanlegg. Også kommunar med avgrensa tettstader bør ha nytte av vegleiar.

DN-håndbok 24-2003 Marka - Planlegging av by- og tettstedsnære naturområder seier noko om;


- juridisk forankring av arealbruken i plan- og bygningslov
- avgrensing mellom utbygging og marka ("markagrense")
- differensiert arealbruk innan naturområda ("sonering")

Forum For Natur og Friluftsliv Møre og Romsdal

Idrettsvegen 2, 6413 MOLDE

Mob: 46 43 14 27 E-post: moreogromsdal@fnf-nett.no

Kontonr. 4202 32 54314 www.fnf-nett.no



forum for
natur og friluftsliv
Møre og Romsdal

Som ein del av arbeidet med å gjere areal tilgjengeleg for ålment friluftsliv, har staten vore med på å sikre areal ved grunnverv eller avtale om leige av grunn. Me reknar om lag 130 områder sikra i vårt fylke. I Isfjorden er det sikra eit friluftsområde sentralt i bustadfeltet som er ein del av den grønne korridoren frå tettstaden ut i marka. I tillegg har kommunane friluftsområde/friområde som er sikra utan at det er nytta statleg tilskot.

Isfjorden nordre er ikkje berre eit lite berørt naturområde nytta mykje til friluftsliv for lokalbefolkninga, men også for innbyggjarar i heile kommunen samt utanfor kommunens grenser. Området med utgangspunkt i skytebana gjev eit fint utgangspunkt for turar i skog og fjell. Samstundes er det ein grøn korridor frå Heen sentrum opp til marka samt ein tilkomstkorridor frå Kavli.

Konklusjon

FNF ser at med dei store utbyggingsplanane for området Isfjorden er det stor fare for at den kommersielle delen av planen vil bli stor og at den eksisterande (og framtidige) bruken av området knytt til friluftsliv bli skadelidane. Vi finn det naturleg å minne om kommunens ansvar også å planlegge for ålmenta og stiller spørsmål om behovet for utbygginga knytt til nye bustadfelt, hyttefelt og hotell. Me trur at det området treng er eit meir kompakt bygdesentrum med dei viktigste basisfunksjonane tilgjengeleg for flest mogleg.


FNF vil be kommunen sjå på DN-håndbok 24-2003 Marka - Planlegging av by- og tettstedsnære naturområder. I samsvar med nasjonale føringar samt signal frå fylket ber me om at Rauma kommune vurderer ei markagrense og sonering i marka.

FNF meiner at rekreasjonsområdet i Isfjorden blir best styrt gjennom å sette ei markagrense i kommunedelplana for Isfjorden. For å vere mest mogleg konkret har me laga ei skisse til markagrense som eit grunnlag for denne prosessen. Me kan gjerne med våre organisasjonar vere med på det vidare arbeidet knytt til både markagrense og sonering i ei markaplan.

helsing


Ingbjørn Bredeli
Koordinator Forum for Natur og Friluftsliv i Møre og Romsdal

Vedlegg: Skisse med markagrense for Isfjorden



forum for
natur og friluftsliv
Møre og Romsdal

Skisse - MARKAGRENSE I SFJORDEN (----)



Forum For Natur og Friluftsliv Møre og Romsdal

Idrettsvegen 2, 6413 MOLDE

Mob: 46 43 14 27 E-post: moreogromsdal@fnf-nett.no

Kontonr. 4202 32 54314 www.fnf-nett.no